



Luftfartstilsynet  
Postboks 243  
8001 BODØ

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/171 - 23/4671

Sakshandsamar:  
Pål-Eirik Holgersen  
pal-eirik.holgersen@fedje.kommune.no

Dato:  
18.09.2023

## Fedje helikopterplass, Høgden. Søknad om fornying av konsesjon. Søknad om dispensasjon frå kravet om støyberekning i samband med fornying av konsesjon.

Søkjær : Fedje kommune, Stormarkvegen 49, 5947 Fedje. Telefon : 56165100.

Helikopterplassen vert nytta til transport av losar til og frå skip. For tida er det firmaet Airlift AS som utfører losflyginga på vegne av Kystverket.

Dei tre siste åra har talet på landingar og avgangar vore slik :

År	Tal land./avg.
2020	1262
2021	1440
2022	1340

Det er ikkje venta endringar i aktiviteten.

Etter gjeldande kommuneplan er helikopterplassen og området kring denne sett av til samferdselsanlegg/lufthamn, jmf. § 11-7 nr. 2 i plan og bygningslova. Det ligg ikkje føre reguleringsplan for området. Utgreiing om påverknaden helikopterplassen har på miljøet, ligg ved. Utgreiinga er laga i 2013. Tilhøva har endra seg lite, det gjeld og det som er skrive om hjort og ørn i utgreiinga.

Etter § 11 (3) i Forskrift om konsesjon for landingsplassar, skal søknaden ha ei støyberekning etter Miljøverndepartementet si retningslinje T1442. Fedje kommune søkjer om dispensasjon frå kravet om støyberekning. Grunngeving: 1) Næraste bustadhus/hytte ligg 700 meter frå plassen. 2) Fram til 2003 hadde Helikopterservice oppdraget med lostransporten. Dei nytta eit eldre helikopter av typen Sikorsky. Kommunen fekk då fleire klager på støy. Losflyginga skjer på kontrakt mellom Kystverket og eit helikopterselskap. Lufttransport tok over flyginga i 2003. Frå 2017 har Airlift hatt losflyginga. Lufttransport og seinare Airlift har nytta mindre og meir støysvake helikoptre. Klaginga på støy er historie.

Karta er laga på grunnlag av flyfoto teke i 2020.

Med helsing

Pål-Eirik Holgersen  
Fagleiar teknisk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

FATO-TLOF 7 september 1998

Kart helikopterplass 1-1000 Ortofoto

Kart helikopterplass 1-1000

Kart helikopterplass 1-5000 Ortofoto

Kart helikopterplass 1-5000

Utgreiing om helikopterlassen si verknad på miljøet 19 juni 2013

**Mottakarar:**

Luftfartstilsynet

Postboks 243

8001

BODØ